Referat frå elevrådsmøte 30.09.2025

Desse møtte: Frida og Joris frå 2.årssteg, Mathias og Tuva frå 3. årssteg, Lotte og Oskar frå 4.årssteg, Malin og Maylinn frå 5.årssteg, Matas frå 6.årssteg, Liam frå 7.årssteg, rektor Linda.

Desse meldte forfall: Anders 6.årssteg og Eiril 7.årssteg.

Leiar og referent: Linda Selheim

Oppmøte og gjennomgang av referat

Fleire av elevrådsrepresentantane kom for seint til møtet. Lærarane må bli flinkare til å sende elevane til møterommet i tide. Alle representantane gav tilbakemelding om at referat frå sist møte ikkje var gjennomgått på årsstega. Rektor sjekka opp i dette, og det viste seg å ikkje stemme. Ein kan difor godt ta ein rask gjennomgang før nytt møte slik at elevane hugsar det.

Tilbakemelding etter fotballturnering

Elevane tykkjer organisering og gjennomføring av fotballturnering var god. Dei hadde det gøy! Fleire meldte tilbake om at ikkje alle elevane på dei ulike laga var like aktive på bana. Dei som melder seg på lag og ynskjer å spele, må gje meir gass på bana!

Framovermelding om håndballtrunering og sykkelturnering

Desse to turneringane må vi vente litt med. Marte og Trine organiserte fotballturneringa og fekk hjelp av nokre lærarar til å dømme kampar. Fleire lærarar må engasjere seg dersom vi skal få til å gjennomføre håndballturnering og sykkelturnering. Dei lærarane som ynskjer å ta del i dette, kan melde seg til rektor.

Tema: Venner på skulen

Elevrådet såg filmen «Skolevenner».

https://www.youtube.com/watch?v=cn0MDhbdrR8

Etterpå drøfta vi desse spørsmåla:

- Kor mange typar venner finst det?
- Kor mange typer venner har du?
- Kva er ein skuleven og kva vil det seie å vere ein god skuleven?
- Kvifor treng vi venskap?
- Kvifor trur du nokon har behov for å snakke stygt om andre?

Førebuing til neste møte:

- **Gå gjennom dette referatet og noter tilbakemeldingar i elevrådsboka**
- **Sjå filmen «Skolevenner» på årssteget og drøft spørsmåla med dei andre elevane. Noter ned svar og tilbakemeldingar.**
- **Lærarane må hjelpe dei elevrådsrepresentantane som treng det.**